

Slipesteinen frå Hartmanngarden.

Hartmanngarden var den største garden på Berge i Selje.

Lensmann Hans Hartmann eigde og budde, hadde sitt kontor der, og dreiv garden.

Sonen Julius Cekar Hartmann vart kunstmålar. Han overtok garden etter far sin. I hans tid vart garden etterkvart i forfall. Dette bilde er fotografert frå eit måleri av Julius C. Hartmann frå *Hartmanngarden* 1954. (originalmåleri hos Haldis Hjertenes)



På 1970-talet vart det lagt ny riksvei til Selje. Gjennom Bergsbygda gjekk den dåverande veien gjennom gardstuna midt i bygda. No vart den nye veitrasèn lagd langs sjøen.

Det då nedsarva hovedhuset på Hartmanngarden stod inn i den veibana, måtte det rivast.

Andre bygningar på garden var allereie rasa saman og det heile var i forfall.

På ein tur langs den nye veien – ein gang på 1970-talet – såg eg ein formasjon i veiskråninga. Så nysgjerring som eg er :-) så sparka eg litt rundt der, og kom ned på ein stor uskadd slipestein. Det var slipesteinen i Hartmanngarden.

Det var Haldis Hjertenes, gift med banksjef Kåre Hjertenes, som formelt eigde Hartmanngarden, då ho var i nær slekt.

Eg la eit besøk hos Kåre Hjertenes, og baud han 50 eller 100 kr. for steinen, og henta den heim til Milhauen.

Eg laga den til for elektrisk drift, og brukte den i mange år sik.

Seinare vart den demontert, og stod i naustet.

Sommaren 2010 var Bjarne Myrstad på besøk hos oss, og vi kom i prat om slipesteinen.

Han nemde då bestefaren, Jakob Myrstad. Han kom frå Myrstad i Remmedalen som forpaktar av Hartmanngarden i 1912. Lina var då 2 år, og Paul 1 år. Knut og Rakel vart fødte i Hartmanngarden.

I 1918 då Paul byrja på skule som 7-åring, flytta dei til Øvre Bortne, der Jakob kjøpte seg gard.

Jakob Myrstad forpakta Hartmanngarden i 6 år. I denne tida var garden i god hevd, eit moderne mønsterbruk i bygda. Det er naturleg å tenke at slipesteinen allerie då var i bruk der. Det er lite trulig at Julius Hartmann kjøpte slik slipestein i si seinare tid. Det er derfor nærliggande å tru at Jakob nytta akkurat denne slipesteinen når reidskap skulle skjerpast, og ljaar skulle slipast.



Delvis demontert på naustet

Den har nok gått nokre gonger rundt under hendene på bestefaren til Johanne Martha, Vigdis og Bjarne mf.

Ganske sikkert drog nok bestemora, Johanne, slipesteinen mang ein gang desse åra i Hartmannngarden.

Såleis er det også knytta eiga slektshistorie til denne steinen.

I august 2010 monterte eg den på gamlemåten i tunet på Milhauen, opplagra i høveleg kantsteinar.

Passa godt i tunområdet syns eg .

Det kan nemnast at kunstmålar Julius Hartmann og Emil Listou (MIL) var kompisar. Dei gjekk på Mo landbruksskule i lag, og gruppebildet derfrå finns her på Milhauen.



At slipesteinen frå Hartmannngarden no er montert på Milhauen, er derfor ikkje heilt unaturlig. Alternativet ville vore at den vart gløymd og nedgrodd.



L.L. 25.8. 2010.